



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Heinz Diehl	FE - 230, FA - G10	18/511

Saksnr	Utval	Type	Dato
113/18	Formannskapet	PS	26.11.2018
082/18	Kommunestyret	PS	13.12.2018

Justering av satsar for praktisk bistand - heimehjelpsatsane 2019 Kommunebudsjett 2019

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Kommunen kan i tråd med Helse- og omsorgsloven § 3-2 fyrste ledd nr. 6 bokstav b krevja betaling for praktisk bistand (tidlegare kalla for heimehjelp). Kommunen sjølv kan setja fast betalingsatsar og reglar for betaling. Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester slår fast at dersom ein husstand sin samla skattbare nettoinntekt før særfrådrag er under 2G, så kan samla eigenandel ikkje vera høgare enn 205 NOK/månad. Kommunen skal dessutan minst årleg oppdatera eigenandelsvedtaket ut frå nye opplysingar i likning og ny G, jfr. forskriftens § 8 . Kommunen kan ikkje ta høgare betaling enn sjølvkost. Sjølvkost blir berekna til ei gjennomsnittleg timeløn for den tenesta som blir utført, tillagt sosiale utgifter og dessutan administrasjonsutgifter som skal utgjera 10 prosent av timeløna og sosiale utgifter. For Fedje kommune er sjølvkost etter desse premissane berekna til 320 NOK/time. Denne satsen er noko lågare enn i 2018 på grunn av ei endring i gjennomsnittleg timelønn for heimehjelparane.

Vurdering

Forslag til nye betalingsatsar for praktisk bistand i 2019:

Inntekt	Eksisterande satsar (kr/time)	Forslag nye satsar 2019 (kr/time)	Maks betaling per måned(kr)
Under 2G	200	205	205
2-3 G	139	142	890
3-4 G	199	203	1224
4-5 G	278	283	1501
Over 5 G	347	320	1782

1 G = Kr 96.883 per 01.05.2018

Folkehelse

Helsa i befolkninga varierar mellom ulike gruppar: etter inntekt, utdanning, yrke, kjønn og etnisk og



Fedje kommune

kulturell bakgrunn (helsegradienten). Betaling for praktisk bistand tilpassa til hushald sine samla inntekt vil såleis bidra til ei viss utjamning av helsegradienten, særlig i låginntektshushald.

Miljø
Økonomi

Sjå tabell ovanfor.

Konklusjon

Satsane for praktisk bistand er justert i tråd med nasjonale føringar og ei berekning av sjølvkost for tenesta.

Forslag til vedtak:

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2019 vert justert som føreslått i tabellen ovanfor.

Formannskapet - 113/18

F - behandling:

F - vedtak:

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2019 vert justert som føreslått i tabellen ovanfor.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 082/18

K - behandling:

K - vedtak:

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2019 vert justert som føreslått i tabellen ovanfor.

Samrøystes vedteke.